

# Interessegruppa for Hedleberget (IFH)

## Årsmelding frå styret 2018

Voss 01.01.2019

Styret:

Leiar: Ingmar Hårklau

Nestleiar: Nils Gjøstein

Kasserar: Åse Margrethe Kyte

Skrivar: Jan Olav Grevle

Styremedlemmer: Thor Hårklau og grunneigarrepresentant Svein Kyte.

Vararepresentantar: Steinar Hårklau

Revisor: Knut Kvamme og Gerd Møen.

Valnemd: Magnar Lemme leiar, Kari Lemme, Sjur Tveite

Historienemd: Magnar Lemme, Selmar Traa og Odd Tverberg

I 2018 har det vore 10 styremøte samt årsmøte. I tillegg har me hatt 9 arbeidsmøte. Det er 32 registrerte medlemer.

### Viktige hendingar:

I 2018 har me hatt fleire store arrangement på Hedleberget.

Det starta med song og musikk av "Famliy Tree" .Det var fullt hus i Songvehytta onsdag i påsken.

I månadsskifte Mai – Juni var det endelig klart for "Skifersongen" skrive av Jan Jøssang. Sist den var oppsett var i 2004. 45 Bygdaklang- og tidligare Trivnad koristar har arbeidd med dette siste året. Det var tre framsyningar av Skifersongen, fredag kveld, og to framsyningar laurdag. Det var ei stor oppleving i strålande vær.

Til august konserten fekk me gruppa "Vamp". Planen var konsert 25. aug, men den vart utseld etter kort tid. Ekstrakonsert vart satt opp fredag 24. Også denne konserten vart raskt utseld.

I tillegg var det totalt 9 andre tilstellingar på Hedleberget i 2018. Firmafest, blå turar, sommar avslutningar, syskenbarntreff, runde dagar og liknande. Ein fin blanding av offentlige og private lag og organisasjonar.

I August var det vigsle av brudepar ved Sigurdbenken, i strålande vær og flott ramme. Totalt har det vert ca 2000 personar som gjester på berget dette året.

### Samlingar og møter me har delteke på:

29.september vart det i samarbeid med Nærøyfjorden Verdsarvpark ved Gry Mørk arrangert seminar om skifertekking på Hedleberget. Her deltok Kjell Andersen frå Riksantikvaren, Anne Lise Eriksen frå Hardanger og Voss Museum og Odd Arne Rudi, taktekkar og bygningsrådgivar for Valdres.

Interessegruppa har meldt seg inn i Voss Kulturråd. Og vi har skifta medlemskap frå "Næringshagen" til "Destinasjon Voss" som høver betre for oss.

Styre bevilga seg ein sosial kveld i høve Osa festivalen.

**Søknadar:**

Interessegruppa har fått kommunal og fylkeskommunal støtte til bokprosjekt kr. 38.000,-. Det er til nå brukt 37.000,- som er utbetalt til skribent Jørn Lekve som har intervjuet den eldre garde. Dette er sikra med lyd, film, bilder og tekst.

Til oppsetting av Skifersongen vart det søkt støtte hos Voss Sparebank på kr. 20.000,- som vi har mottatt.

Me har også fått tilsagn om Smil midlar frå Voss kommune på kr. 16.000,- for skogrydding. Her har vi rapportert om utført arbeid og anmoda om utbetaling. Som frivillig organisasjon har vi i 2018 mottatt kr. 20.018,- i moms kompensasjon.

**Dugnad:**

Til Vamp konserten vart amfiet utvida, delvis på dugnad og innleigd maskinarbeid. Det var Svein Kyte og Jan Olav Grevle som gjore den største jobben.. Det vart eitt flott amfi med 400 sitjeplassar. Amfiet er godt sikra og har gangveg og gjerde i bakkant.

Det er lagt skifertak på kiosk og lydbua i haust. Området er rydda og grusa, og framstår ryddig og fint.

Alle hytter frå Songveshytta mot fellesbrakka har no tette tak.

Det er også i år hogd ein del skog nedanfor Songvehytta. Kjartan Fjose har rydda skog i kulturstien etter uværet "Knud" som rotvelta mange store trær.

Historienemd har arbeidd med utstilling i museet, og har gått opp "Øvrelinja". Her er det nedteikna kor dei forskjellige drivarane arbeidde. Vi har no bra oversikt over dei fleste benkane på heile heldleberget.

Det er i år lagt ned ca 300 dugnadstimar i tillegg til alle møter.

Det er innkjøpt toalettcontainer til Songvebrakka, som gjer det enklare å ha arrangement her. Den skal kledast inn slik at den glir inn i miljøet.

Me er registrert i Norsk tipping som mottakar av "Grassrotmidlar" Me set stor pris på at me vert valgt som mottakar. Organisasjonsnummeret er 998 081 491.

Det har atter ein gong vore eit aktivt år i 2018, og plan for 2019 er i gang. Målet er å auke aktiviteten med konsertar, omvising, opne dagar og mottak av grupper/blå-turar.

**For styret:**

Ingmar Hårklau